

MØT BLEKKSPRUTEN DUMBO



Tekst: Thomas Keilman

Eit nytt medlem i blekksprutfamilien Dumbo er oppdaga. Dyret vart fanga over fire kilometer nede i havdjupe.

Dumbo-blekksprutar har fått namnet sitt etter Disney-figuren Dumbo, elefanten med dei store øyra. Mange vil kanskje meine at dei også liknar litt på Baby Yoda.

«Øyra» er eigentleg finnar som blekkspruten bruker til å symje med. Når han bevegar seg i vatnet, flaksar han med finnane akkurat som ein fugl flaksar med vengjene.

Dumbo-blekksprutar lever på havbotnen, heilt nede på sju kilometers djup. Der et dei mark og rekeliknande dyr. Dei fangar dei ved å bruke armene som ein slags paraply.



Her ser du den nye typen Dumbo-blekksprut.

(Foto: Alexander Ziegler)

Den nye blekkspruttypen blei fanga i garn på fire og ein halv kilometers djup. Forskarane la merke til at dyret ikkje var skadd av garnet. Dette er ganske uvanleg fordi blekksprutar er blaute dyr som fort blir skadde når dei blir fanga i garn og dregne opp til overflata.

Forskarane kunne ikkje med ein gong avgjere at dette var ein ny type blekksprut. For å bestemme blekkspruttypen må dei vanlegvis skjere i dei for å sjå på det indre.

Men her tok forskarane i staden for bilete med spesielle instrument. Slik kunne dei sjå inni blekkspruten utan å skjere han opp – litt som når vi tek røntgenbilete av kroppen eller tennene.

For første gong kunne dermed forskarane undersøkje ein blekksprut utan å skjere i han. Og bileta viste at dette var ein heilt ny type av denne søte blekksprutarten. Forskarane kalla arten Keisar Dumbo fordi han vart funnen ved ei undersjøisk fjellkjede i nærleiken av Hawaii som blir kalla Emperor Seamounts (emperor betyr «keisar»).

Visste du at:

Blekksprutar lever ikkje berre i havet. Det finst også blekksprutar i verdsrommet!

Forskarar har fleire gonger sendt baby-blekksprutar ut i rommet.

Mellom anna sende den amerikanske romfartsorganisasjonen NASA hundre baby-blekksprutar ut i verdsrommet. Blekksprutane skal undersøkjast for å sjå korleis dei gode bakteriane i fordøyingssytemet deira taklar å vere i rommet. Mikrobane er viktige for immunsystemet, og immunsystemet til blekksprutar liknar på immunsystemet menneske har. Forskarane håpar derfor at undersøkingane av babyblekksprutane kan gi oss svar på korleis mikrobane i vårt eige fordøyingssytem taklar å vere ute i rommet, og korleis det påverkar immunsystemet til astronautane.



Her ser du fleire typer Dumbo-blekksprut.

(Foto: MBARI/Monterey Bay Aquarium Research Institute, NOAA/Office of Ocean Exploration and Research).



Fakta om Dumbo-blekksprutar

I motsetning til dei fleste andre blekksprutartane, har ikkje Dumbo-blekksprutar blekk. Blekksprutar bruker blekket for å gøyme seg frå fiendar, men Dumbo har få fiendar så langt nede i havdjupe.

Av alle kjende blekksprutartar er Dumbo-blekkspruten den som held til lengst nede under havoverflata. Dei bur minst fire kilometer nede i havdjupe.

Den største Dumbo-blekkspruten som nokosinne er funnen, var 1,8 meter lang og vog nesten 6 kilo. Vanlegvis er dei mellom 20 og 30 centimeter lange.



Blekkspruten Dumbo

TEMA: HAV

MØT BLEKKSPRUTEN DUMBO



Tekst: Thomas Kellman

Eit nytt medlem i blekkprutfamilien Dumbo er oppdaga. Dyret vart fanga over fire kilometer nede i havdjupe.

Dumbo-blekkprutar har fått namnet sitt etter Disney-figuren Dumbo, elefanten med dei store øyra. Mange vil kanskje meine at dei også liknar litt på Baby Yoda.

«Øyra» er eigentleg finnar som blekkspruten bruker til å symje med. Når han bevegar seg i vatnet, flaksar han med finnane akkurat som ein fugl flaksar med vengjene.

Dumbo-blekkprutar lever på havbotnen, heilt nede på sju kilometers djup. Der er det mørk og rekkeliknande dyr. Dei fangar dei ved å bruke armene som ein slags paraply.

Her ser du den nye typen Dumbo-blekkprut. (Foto: Alexander Ziegler)

TEMA: HAV

Den nye blekkspruttypen blei fanga i garn på fire og ein halv kilometers djup. Forskarane la merke til at dyret ikkje var skadd av garnet. Dette er ganske uvanleg fordi blekksprutar er blaute dyr som fort blir skadde når dei blir fanga i garn og dregne opp til overflata.

Forskarane kunne ikkje med ein gong åvjele at dette var ein ny type blekkprut. For å bestemme blekkspruttypen må dei vanlegvis skjere i dei for å sjå på det indre.

Men her tok forskarane i staden for bilete med spesielle instrument. Slik kunne dei sjå inni blekkspruten utan å skjere han opp – litt som når vi tek røntgenbilette av kroppen eller tennene.

For første gong kunne dermed forskarane undersøkje ein blekkprut utan å skjere i han. Og bileta viste at dette var ein heilt ny type av denne søte blekkprutarten. Forskarane kalla arten Keisar Dumbo fordi han vart funnen ved ei undersjøisk fjellkjede i nærleiken av Hawaii som blir kalla Emperor Seamounts (emperorbietyr, «keisar»).

Her ser du fleire typer Dumbo-blekkprut. (Foto: MBARI/Monterey Bay Aquarium Research Institute, NOAA/Office of Ocean Exploration and Research)

Visste du at:

Blekkprutar lever ikkje berre i havet. Det finst også blekkprutar i verdensrommet!

Forskarar har fleire gonger sendt baby-blekkprutar ut i rommet.

Mellom anna sende den amerikanske romfartsorganisasjonen NASA hundre baby-blekkprutar ut i verdensrommet. Blekkprutane skal undersøkjast for å sjå korleis dei gode bakteriane i fordøyingsystemet deira taklar å vere i rommet. Mikrobane er viktige for immunsystemet, og immunsystemet til blekkprutar liknar på immunsystemet menneske har. Forskarane håpar derfor at undersøkingane av babyblekkprutane kan gi oss svar på korleis mikrobane i vårt eige fordøyingsystem taklar å vere ute i rommet, og korleis det påverkar immunsystemet til astronautane.

Fakta om Dumbo-blekkprutar

I motsetning til dei fleste andre blekkprutartane, har ikkje Dumbo-blekkprutar blekk. Blekkprutar bruker blekket for å gøyme seg frå fiendar, men Dumbo har få fiendar så langt nede i havdjupe.

Av alle kjende blekkprutartar er Dumbo-blekkpruten den som held til lengst nede under havoverflata. Dei bur minst fire kilometer nede i havdjupe.

Den største Dumbo-blekkpruten som nokosinne er funnen, var 1,8 meter lang og vog nesten 6 kilo. Vanlegvis er dei mellom 20 og 30 centimeter lange.

Spørsmål:

1. Sjå på bileta. Kva trur du teksten handlar om?
2. Les teksten.
3. Kvifor har denne blekkspruten fått namnet Dumbo?
4. Kvifor heiter det eigentleg «blekkprut»?
5. Forklar korleis Dumbo bevegar seg.
6. Kva manglar Dumbo samanlikna med andre blekkprutar?
7. Søk opp bilete av Walt Disney sin Dumbo og samanlikn med blekkspruten Dumbo. Kva er likskapen?

